



Lindås og Meland Brannvern

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/581 - 15/6188

Saksbehandlar:

Alexander Helle

alexander.helle@meland.kommune.no

27.03.2015

Planprogram til offentlig ettersyn

VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8, og §12-9 vert det varsla igangsetting av offentlig reguleringsarbeid for Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra, Flatøy i Meland kommune, med plannummer 125620150002.

Planstatus

Planområdet er sett av til område som skal regulerast i gjeldande kommuneplan 2005-2017. I framlegget til ny kommuneplan, som er til behandling, er området sett av til busetnad og anlegg, med krav om områderegulering. Arbeidet med kommuneplanen går parallelt med utarbeidinga av områdeplanen. Tiltaket er vurdert i høve til forskrift om konsekvensutgreiingar. Tiltaket er vurdert til å falle inn under krav om konsekvensutreiingsplikt, KU.

Planområdet

Planområdet er avgrensa som vist på vedlagte kartutsnitt, og utgjer om lag 963 daa. Planområdet er lokalisert nord på Flatøy og grensar mellom anna til friluftsområdet Håøya, sjøen, spreidd hytte- og bustadområde. E39 delar planområdet i to.

Føremål

Formålet er å legge til rette for ei framtidig utbygging av bustader og mindre næring i ein urban struktur. Områdeplanen vil vere ein overordna plan som skal seie noko om omfang og plassering av byggeområde, skule, barnehage, grøntområde, friluftsområde, vegar og annan infrastruktur mm. Føremålet er i tråd med overordna plan.

Forslagsstillar

Tiltakshavar er Meland kommune. Kommunen ved planavdelinga er fagleg ansvarleg for planlegginga. Planarbeidet blir utført i samarbeid med utbyggjar, Vest Land eigedom AS, og konsulentane deira i Opus.

Informasjon, medverknad og innspel:

Ordføraren inviterer til folkemøte på rådhuset om oppstart av planarbeidet, torsdag 23. april. Det kjem

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no


nærare informasjon om tid og møtelokale på kommunens heimeside.

Planprogrammet er lagt ut i resepsjonen i rådhuset, og i digitalt planarkiv BRAPLAN. Ein finn link til BRAPLAN på www.meland.kommune.no. Velg Meland kommune og bruk planID 125620150002 eller plannamn til søk. Grunneigarar vert varsla direkte i eige brev.

Merknader, kommentarar eller innspel må vere skriftlege og skal sendast til Meland kommune v/ Plan, utbygging og kommunalteknikk, postboks 79, 5906 Frekhaug, eller som e-post til

Frist for innspel er sett til 07.05.2015

Kartskisse over planområdet



Med helsing

Alexander Helle
plankonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Framlegg til planprogram og oppstart offentleg områderuleringsplan Midtmarka / Rotemyra, Flatøy
Planprogram for Midtmarka og Rotemyra 02.03.2015
Statusrapport Flatøy etter gjennomgang med kommunen

Mottakere:

Lindås og Meland Brannvern
Nordhordland lensmannskontor
Fellesrådet
Idrettsrådet
Flatøy grendelag
Team 4H Flatøy
Meland sogelag
Nordhordland Seilforening
Litlebergen Båtforening
Nordhordland Folkehøgskule